



Festidalen

2. joladag kl 20:00 opnar vi låvedørene i Dønhauglåven i Uskedalen. Forhåndssalet går så det susar, så vi oppmodar vener av Festidalen om å kjøpe seg billett snarast, skriv styret i Festidalen i ei pressemelding.



William Hut i Dønhaugkjedlaren - i jula kjem han på låven! (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det er faktisk reell sjangse for at det vert fullt hus denne kvelden. Er det billetter att etter at vi stoppar førehandssalet jolafta (1. joladag Statoil Husnes), vert desse selde i døra, skriv styret og held fram:

Gårdseigaren jobbar no med joleringjering av låven.. Deretter skal den pyntast etter alle skrivne og uskrivne reglar. Kjem du ikkje jolastemming av ein jolapynta låve, så er du det garantert etter at William Hut har dratt til med sine nydelige låtar og kan hende ein jolaklassiker!

Dj'ar er også klare for å trå til med godlyd før og etter at hovudatraksjonen har gjort sitt.

Vi ynskjer å ri quizbølga med ein jolaquiz. Vi startar kl 20.00 og har som hovudpremie festivalpass til laget som vinn. 2. plass får laurdagsbilletter til Festidalen 2009. Kwart lag kan maks bestå av 7 personar. For at quizen skal bli gjennomført må minimum 4 lag vere påmelde. Påmelding: post@festidalen.no Vi kan og friste med gode prisar i baren for quizdeltakarane.

Vi i Festidalen gledar oss og enormt då det er ei stund sidan arrangøradrenalinnet har pumpa rundt i kroppane våre. Det er spennande og gøy å få arrangere fest for dei flotte innbyggjarane i Kvinnherad. Vi håpar at alle som vil stiller og er med på å lage ei godstemning som får jolakvelden til å falme! Velkommen unge som gamle!

Konsertstarten er klokka 22 og buss heim gå klokka 01.30. Vi tek både kort og kontantar og aldersgrensen er 18 år. Billetter vert selde både på SPAR i Ulskedalen, SPAR i Rosendal, Statoil på Husnes og Buketten på Halsnøy, opplyser styret.